

Referat elevrådsmøte torsdag 1.juni 6.time

Sak: Utfordringar knytt til fotballbana i friminutta

Saksutgreiing:

Det har kome fleire tilbakemeldingar frå elevar og vaksne på uønska hendingar. Det kan vera konfliktar knytt til laginndeling, kven som spelar saman, farefullt spel, grov språkbruk mm.

Det er tatt opp og blitt diskutert i alle klassar. Meiningane og innspela er klart i overtal i barneskulen. Det er også her ein opplever flest problem. Ungdomsskulen reagerer mest på språkbruk og åtferda til enkelte elevar.

Det elevrådet skal ta stilling til er, basert på tilbakemeldingar frå klassane, korleis finna gode løysingar og korleis bli kvitt «støyen», og eventuelle konsekvensar av ikkje akseptabel åtferd.

Elevrådet har følgande forslag:

- Halve bana er til fotballspeling (lag mot lag)
- Den andre halvdelen er til dei som ikkje vil spela fotball, men heller ha fotballeikar som t.d. «ein million».
- Alle som vil delta kan vera med, men er du «med på leiken må du tåle steiken». Samstundes må alle prøve å ta hensyn kvarandre. Uhell kan skje, men då viser me forståing og hjelper til om naudsynt.
- Dei eldste elevane deler kjapt inn i lag, evt. vakten. Dette blir gjort etter beste evne, og me rettar oss etter dette, og bruker ikkje energi og tid på å diskutere dette.
- Fotballreglar er universelle, og burde vera kjend for alle. Skulderpress er lovleg, men sjølv sagt ikkje overdreven bruk. Her må folk forstå at det er store skilnader på storleiken til elevane.
- Unngå banning og kjefting på bana. Dersom vakten høyrer noko ugreitt må dei gripe inn.
- Dei som ikkje spelar fotball kan leika andre plassar enn på bana.
- Dei som ikkje klarer å følgja reglane kan bli bortvist av vakten for ein kortare periode.

Matre skule 13/6 2023

Lena Marie Haugsvær

Elevrådsleiar Lena M. Haugsvær